

Julegranpyntinga måtte utsetjast.....**25.11.2007**

Lurdag føremiddag kl. 10.00 var pyntegjengen klar til å henga lysa på julegrana. Ein kveld tidlegare i veka var lyslekkjene kontrollerte og gjort klare. Vergudane sette imidlertid stoppar for pyntinga i denne omgang. Vindkast og regn med innslag av sludd gjorde at pyntinga måtte utsetjast i påvente av betre ver.

Også i fjor skapte vergudane problem for pyntegruppa. Etter at dei hadde venta på betre ver gjennom heile helga, vart det løyst ved at dei tok fri frå jobb seinare i veka. I år får vi håpa veret betrar seg i løpet av helga. Vi er i alle fall trygge på at den driftige kvarttetten, Lars Myklebust, Knut Stensletten, Ståle Eik og Gunnvald Friheim, har grana ferdig pynta til tenninga fredag førstkommande.

Elles nemner vi at Kvinnherad Elektro har levert 300 lyspærer til julegrana i år. I samband med den vellukka "Aksjon Julegran" i fjor gav dei lyspærer i fleire år framover.

Av: Thor Inge Døssland